

Vedtekter for Luster elderråd,

vedtekne av kommunestyret den 28.11.19, sak 69/19.

1. Heimel.

Luster Eldreråd er oppretta i medhald av Kommuneleva § 5-12 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd av 17.06.2019.

2 Føremål

Luster Eldreråd er eit partipolitisk uavhengig, rådgjevande organ for kommunen i saker som vedkjem dei eldre sine behov og interesser.

3 Samansetjing

- Eldrerådet skal ha 7 medlemmer.
- I tillegg peikar kommunestyret ut ein representant m/vararepr. som observatør med tale og forslagsrett i rådet.

4 Oppnemning

Kommunestyret vel medlemene i Eldrerådet m/varamedlemar.

Eldrerådet vel sjølve leiar og nestleiar.

Representantane kan veljast frå dei har fylt 60 år.

Pensjonistlag og andre organisasjonar som arbeider for eldre sine vilkår har rett til å kome med forslag på medlemar.

Eldrerådet si funksjonstid samsvarar med den kommunale valperioden.

5 Oppgåver

Eldrerådet skal ha seg førelagt alle saker som gjeld eldre sine interesser og behov. Dette så tidleg som mogeleg i saksgangen.

Leiaren skal ha tilsendt saklistene til møte i kommunestyret, formannskapet og plan- og forvaltningsutvalet.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før saker vert tekne opp til avgjerd i kommunale utval. Eldrerådet sin uttale skal leggjast fram for vedtaksorganet.

Eldrerådet kan ta opp saker som dei meiner er viktige for dei eldre i Luster kommune.

Eldrerådet skal ikkje handsama saker som gjeld avgjerd overfor enkeltpersonar.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide Årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret.

Årsmeldinga skal også sendast til kommunale einingar, pensjonistlag, fylkesråd for eldre, organisasjonar og andre instansar som rådet vil informere.

6 Møte og møteinnkalling

Eldrerådet held møte etter behov, men minst 4 gonger i året.

Møtedatoar vert fastsett i kommunen sin årlege møteplan.

Eldrerådet sine møte bør samordnast med møte i Rådet for personar med funksjonsnedsetting.

Informasjon frå administrasjonen vert gjeve i fellesmøte.

7 Sekretariat

Sekretariatet vert lagt til rådmannen, som utpeikar ein person til å ivareta sekretærfunksjonen for rådet. Sekretæren skal halde rådet orientert om saker som kan ha interesse for rådet. Saksdokumenter skal leggjast fram for rådet i så god tid som mogeleg før den politiske handsaminga av sakene.

8 Økonomi

Kommunestyret vedtek budsjett for drift av Eldrerådet. Eldrerådet skal informerast om framlegg til budsjett og har talerett. Utgifter til drift av Eldrerådet skal dekkast over eigen budsjettpost.

9 Rettar og plikter

Eldrerådet sin rett til deltaking i kommunestyret går fram av reglement for kommunestyret.

Eldrerådet sine medlemmar har elles rettar og plikter knytt til reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår og etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Luster.